


ÅRSMELDING 2017



KOMMUNESTYRET



ORGANISASJONSKART



Stor aktivitet i 2017

Som ei av få kommunar opplevde Vågå kommune folketalsutviklinga for 2017, med ein stagnasjon på -2 personar. Dette er gledeleg tal når ein ser den store folketalsnedgangen i Nord-Gudbrandsdalen totalt sett. Dette kjem mykje av ei auke i tilflytting til Vågå kommune, som syner at vi blir oppfatta som ei attraktiv kommune å kome til. Vi har plass til mange fleir! Utfordringa for små kommunar som Vågå er der, med svekka inntektsrammer. Likevel ser vi ei god framtidstru og vilje til å satse.

Innan landbruket ser vi at fleire har renovert, bygd ut og bygd nye driftsbygningar. Mange plassar ser vi at ny jord har vorte dyrka fram. Og volumet på mjølkeproduksjonen held seg stabil. Landbruket er også viktig for reiselivsproduktet vårt. Reiseliv er den mest veksande næringa i dag. Vi har ei auke i tilreisande til vårt område og nye nasjonalitetar kjem til.

Vågå kommunestyre sette av meir midlar for ytterligare stimulering til næringsutvikling, tiltak i landbruket og ikkje minst til arrangement i Vågå kommune. Vi ønskjer meir aktivitet, fleire arbeidsplassar og sist, men ikkje minst, fleire innbyggjarar i kommunen vår.

Kva står att som ei spesiell hending som eg vil trekka fram. Som ei vasskraftkommune gjennom tid i over 100 år, vil eg seie at starten på utbygginga av Nedre Otta er ei slik hending. Den starta opp i desember 2016 og i 2017 har vi verkeleg sett at arbeidet er kome godt i gang. Den fortel om vår historie frå tradisjonelle næringar i vekst til industriell utvikling med elektrisitet for dalen. Fyrste utbygging var Eidefossen, den gong for å kunne drive rasjonell og moderne bergverksindustri. Sidan den gong har vi som menneske auka vår bruk av elektrisitet og behovet for vasskraft har auka. Utbygginga av Nedre Otta er Norges største vasskraftutbygging i 2017. Ei anna side ved denne utbygginga er synergiane det gjev. Det er fleire av våre lokale entreprenørar som leverer tenester til utbygginga og den lokale verdiskapinga er god for dette prosjektet.

Som ordførar er eg valdsamt imponert over prosjekt som blir gjennomført av lag og organisasjoner, samt private bedrifter. Ikkje minst er det svært gledeleg å sjå at det blir gjennomført mange arrangement i samarbeid mellom lag og organisasjoner, privat næringsliv og det offentlege. Telemarksforsking seier at i samfunn der ein lykkast med slik samarbeid, fører det til at ein aukar attraktivitet for lokal-samfunnet. Vi er best når vi saman skapar utvikling.

Traktorrock er eit arrangement som blir arrangert av kvinner i landbruket. Det er svært gledeleg å sjå korleis arrangøren spelar på lag med alle for at dette skal bli eit best mogleg arrangement for sambygdingar og tilreisande. Her skapar ein fokus og stoltheit over landbruket. Landbruket har vore og skal vere ei viktig næring i vår kommune.

Finnasus Grendafestival hadde mange besökjande også ved førra arrangement og grendaturneringa i fotball var like gjev som året før. Det er triveleg å sjå kor mykje slike arrangement betyr for ei bygd. Vi fekk mange nye tilbod på plass som ny kunstgrasbane på Halland, nytt skianlegg for barn og unge på Mån og ny rulleskibane på Lalm. Alt dette gjennomført med ein stor dugnadsinnsats av innbyggjarane våre. Utan denne innsatsen hadde Vågå kommune vore ein fattigare kommune.

I budsjettarbeidet i desember fekk vi varsel om sterkt svekka inntektsramme, noko som førte til at vi planla 2018 som eit omstillingssår, med mål om å greie å fortsette å levere gode tenester til deg som innbyggjar i Vågå kommune.

Eg vil også takka alle lag og foreiningar, privat næringsliv og dei som arbeidar innan offentleg teneste yting. Det er døkk som står for verdiskapinga som skjer i det daglege i vår bygd. Som ordførar i Vågå kommune vil eg takka alle sambygdingar for engasjement og debatt rundt viktige saker for utvikling av Vågå kommune.

Vi fortsett med vår offensive satsing på breibandsutbygging! Sjårdalsmodellen, der innbyggjarane og utbyggjar gjekk saman for å få til fiberutbygginga, blir no brukt som døme andre stadar. Neste utbyggingsområde i Vågå er Nordherad. Vågå kommune vil på nytt søkje om midlar for Skogbygda og Skårvangen, og det vart sett av midlar til utbygging Tessanden – Sjodalen.

Dette vitjar om stor aktivitet i året 2017!

Med framtidstru på vår vakre fjellbygd Vågå!

Iselin Vistekleiven
Ordførar

Rådmannen si vurdering

2017 har på mange måtar vore eit spesielt år for rådmannen og resten av administrasjonen. Omstilling og tilpassing av drifta til ein bærekraftig organisasjon slo for alvor innover oss. Vi hadde eit godt utgangspunkt ,med ein tydeleg plan og ei god forankring i kommunestyret. Likevel fekk dei tilsette kjenne på at det er langt lettare å drifte ei kommune i medgangstider enn i motgangstider.

Rådmannen er likevel nøgd med nøkkeltal og årsresultat for kommunen i 2017, men det er viktig å peike på at dette i hovudsak skuldast auka inntekter utover det som vart budsjettert. Sjølvे drifta av kommunen har gått med underskot, og det blir særsviktig at ein held tak i nødvendig omstilling og planar fram i 2018 for å tilpasse aktivitetsnivå til tildelte ramar. Rådmannen vil takke tenesteområda for god budsjettdisiplin, dei har vore lojale mot tronge ramar.

Helse- og omsorgsprosjektet har vore sentralt for rådmannen i heile 2017. Vi har gjennom året teke eit steg til sida i prosjektet for å kvalitetssikre arbeidet som har vore gjort, og for å sikre ei god nok politisk forankring. Prosjektet omhandlar både byggjeprosjektet ved Vågåheimen, men like viktig er den faglege retningsendringen som tenestene vil ha i åra som kjem. Vågå kommune er i prosess med omstillingen for å møte framtidas utfordringar både økonomisk, nye ansvar og oppgåver etter samhandlingsreformen og ei endra befolkningssamansetning.

Det å legge til rette for ei omsorgstrapp tilpassa framtida har ført til engasjement frå innbyggjarane i kommunen. Rådmannen sin plan om å endre formål frå bufellesskap for utviklingshemma til bukollektiv for eldre, meiner vi er riktig og nødvendig for kommunen. Det som rådmannen ikkje er nøgd med ,er at vi ikkje på ei n godt nok måte har lukka avvik i tenesteområde TFFH. Dette arbeidet må og prioriterast i 2018.

Ny kommuneplan vart vedteke i kommunestyret i 2017. Dette arbeidet har engasjert våre politikarar og mange innbyggjarar. Endeleg vedtak har vore med å peike ut ny kurs for Vågå kommune og opnar for spanande prioriteringar framover.

Rådmannen har gjennom året gjeve råd og fått klåre signal attende frå kommunestyre om å arbeide målretta for å vidareutvikle det regionale samarbeidet . Dette arbeidet har vore prioritert i 2017 og målet i det vidare arbeidet er å etablere samarbeid som gjev reelle vinster for dei som deltek. Her må ein vere merksam på at alle ikkje vinn første premie samstundes. Dei friviljuge i Vågå er i ei særstilling. Dei bidreg på dei fleste områda i kommunen og fortener ein stor takk for sin innsats.

Dei tilsette har gjennom 2017 gjort eit framifrå arbeid. Dei har synt lojalitet i omstellingsarbeid og vore deltagande i drifta av kommunen på ein konstruktiv måte. Rådmannen vil nytte høve til å takke tilsette, dei tillitsvalde og verneombud i alle ledd for eit godt samarbeid i 2017

Rådmannen ønskjer og å takke kommunestyre og andre politiske utval for eit godt og konstruktivt arbeidsår i 2017.

Rådmannen

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

Administrasjon og leiing

Den administrative leiinga består av rådmann, 2 kommunalsjefar og 13 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar. I store delar av 2017 var ein kommunalsjef konstituert som rådmann og ein tilsett konstituert som kommunalsjef med helse og omsorg som fokusområde.

Medarbeidrarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

| Kommunen samla | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|--------|------|--------|
| Tilsette faste, vikariat, lærlingar – ikkje timelønte, 31.12 | 392 | 393 | 399 |
| Endring i årsverk, pr 31.12 | 311,46 | 311 | 319,09 |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 79,4 | 79,3 | 79,9 |

| Administrative stillingar (kostra 120 og 290) | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|-------|-------|-------|
| Tilsette | 26 | 25 | 25 |
| Årsverk* | 16,57 | 16,95 | 18,16 |

*) Årsak til auka antal tilsette og årsverksendring er at fleire mellombels tilsette er inne i stillingsprosent ved årsskiftet.

Likestilling/Likeløn

Av 399 tilsette er det 321 kvinner. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyrke enn i dag. Det har så langt ikkje lukkast få fleire menn inn i barnehagen.

I toppleiargruppe er det 3 menn ved utgangen av 2017. På tenesteleiarnivå er det 8 kvinner og 5 menn.

Tabellen viser fordeling kvinner med på ulike tenesteområde.

| 2017 | Totalt | Kvinner | Menn |
|-----------------------------------|--------|---------|------|
| I alt | 399 | 321 | 78 |
| Rådmannsnivå/stab/tildeling m.fl. | 6 | 3 | 3 |
| Fellestenester inkl lærlingar | 17 | 11 | 6 |
| Skule/barnehage | 113 | 92 | 21 |
| Kultur og næring | 21 | 12 | 9 |
| Vågåheimen/heimebasert | 159 | 153 | 6 |
| Helsetenester | 22 | 21 | 1 |
| Landbruk | 8 | 1 | 7 |
| Teknisk | 46 | 24 | 22 |
| Skatt/arbeidsgjevarkontroll/NAV | 7 | 6 | 1 |

| 2016 | | Totalt | Kvinner | Menn |
|---------------------------------|--|---------------|----------------|-------------|
| I alt | | 393 | 320 | 73 |
| Rådmannsnivå | | 8 | 3 | 5 |
| Fellestenester | | 10 | 7 | 3 |
| Skule/barnehage | | 121 | 102 | 19 |
| Kultur og næring | | 18 | 8 | 10 |
| Vågåheimen/heimebasert | | 157 | 150 | 7 |
| Helsetenester | | 19 | 18 | 1 |
| Landbruk | | 8 | 2 | 6 |
| Teknisk | | 50 | 27 | 23 |
| Skatt/arbeidsgjevarkontroll/NAV | | 7 | 6 | 1 |

*) 5 tilsette har delt stilling mellom ulike område

Løn for tilsette i kap. 4 blir fastsett i samsvar med gjeldande tariffavtalar som kombinasjon av sentrale og lokale oppgjer. Dette gjer at både kvinner og menn i stor grad får lik løn for likt arbeid. Forskjellar har som oftast samanheng med ulik ansiennitet. I nytt sentralt lønssystem er fleire lønsgrupper på høgskulenivå slått saman frå 2017. Avdelingsleiar er frå 2017 ein del av kap. 3 (leiarnivå). Dette gjer at samanlikning med 2016- på fleire område i tabellen ikkje er relevant. Generelt har menn hatt ein betre lønsutvikling i 2017 enn kvinnene.

| Lønsutvikling | 2017 | | | 2016 | | |
|-------------------------------------|----------------|-------------|-----------------------------------|----------------|-------------|-----------------------------------|
| | Kvinner | Menn | Diff i menns favør | Kvinner | Menn | Diff i menns favør |
| Samla i organisasjonen | 443 | 498 | 12,4% | 430 | 480 | 11,6% |
| Kap. 3 og 5 | | | | | | |
| Adm leiagr. inkl teneste-/avd.leiar | 607 | 718 | 18,2% | | | |
| Kap 5.1 | 517 | 542 | 4,8% | | | |
| Kap 4 | | | | | | |
| Ufaglærte | 377 | 362 | -4,1% | 371 | 331 | -2,7% |
| Faglærte | 405 | 404 | -0,2% | 395 | 397 | 0,5% |
| 3-årig høgskule/lærar | 459 | 469 | 2,1% | 442 | 450 | 1,8% |
| 4-årig høgskule/adjunkt | 499 | 483 | -3,3% | | | |
| 5-årig høgskule/adjunkt m. tillegg | 535 | 513 | -4,3% | | | |
| Adjunkt | 475 | 453 | -4,8% | | | |
| Lektor med master | 520 | | | | | |
| Lektor m. tillegg | 536 | 528 | -1,5% | | | |

Heiltidskultur

Tal for 2017 viser at den gjennomsnittlege stillingsprosenten har endra seg frå 79,4% til 79,9%. Det er pr. 31.12.17 - 246 personar i deltidsstillingar, og av dette er 193 fast tilsette (208 i 2017)

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 49,1% (49,8% i 2017) er i aldersgruppa 50 år+. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgsyrkene. Ved inngangen til 2018 er 63 tilsette innan helse og omsorg 55 år+ avs desse er 32 personar 60 år+. Tilsvarande tal for barnehage/skule er 32 personar av desse er 19 personar 60 år+

| Kommunen samla | Tal på tilsette |
|----------------|-----------------|
| <20 år | 2 |
| 20-29 | 29 |
| 30-39 | 66 |
| 40-49 | 109 |
| 50-59 | 120 |
| 60-64 | 56 |
| 65+ | 17 |

Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2018 har kommunen 6 tilsette/tidlegare tilsette som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Vågå kommune har inngått ei samarbeidsavtale med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen om oppfølging og administrering av lærekontraktar. Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2017 åtte lærlingar.


Lærlingane er fordelte slik:

| Område | Antall | Plassering |
|--------------------------------|--------|-----------------|
| Barne- og ungdomsarbeidarfaget | 4 | Skule/barnehage |
| Helsearbeidarfaget | 2 | Helse og omsorg |
| IKT | 2 | Ungdomsskulen |


Sjukefråvær/nærværsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å vere ei «langtidsfrisk» kommune som har fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakrarar og tilrettelegging for at restarbeidsevne kan nyttast. Jamlege statistikkar viser utvikling/endring på den enkelte tenestested. I 2016 oppretta Vågå kommune ei nærværsgruppe som mellom anna har ei målsetting om å betre samarbeid og dialog med legane i oppfølging av sjukemelde. Arbeidsgjevar har møte med legane ca. fire gongar pr. år.

Lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2017 var på totalt 7,7%, noko som var ei auke frå 6,0% i 2016. I 2015 var fråværet på 7,0%. Eigenmeld fråvær utgjer 1,4% av det totale fråværet og dette er nokolunde stabilt. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%. Dei store einingane innan helse og omsorg ligg på 11-12%, ei auke frå 2016 som viste rundt 9,0%.



Samanlikna med tidlegare år (2007-2017) for lege- og eigenmeld fråvær:



Etiske retningslinjer

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinene er meint å vere eit hjelpemiddel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte.

Internkontroll

Vågå kommune arbeider kontinuerlig med kvalitetarbeid og internkontroll. Vi nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Målet er å få på plass manglende dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. Helse og omsorg, samt brannvesenet har lagt inn mykje dokumentasjon i systemet, men mykje arbeid står att på dei andre einingane og må prioriterast framover.

| Type | 2017 | 2016 |
|----------------------|------------|------------|
| HMS-avvik | 18 | 22 |
| Organisasjon/internt | 28 | 24 |
| Teneste/brukar | 176 | 137 |
| Totalt | 222 | 183 |

I all hovudsak er avvika meldt innan helse og omsorg

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjoner er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga, HTV-gruppa og hovudverneombod til uformelle møte. HTV-gruppa og hovudverneombod blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjører som betyr noko for dei tilsette. Hovudverneombod er kjøpt fri 20%.

Område omfattar tenestene Fellestenester, Stab og støtte, Kultur, Vågåheimen. Politiske styringsorgan blir og ført her.

| Område | Budsjett | Rekneskap | Avvik |
|-----------------------------------|------------|------------|-------|
| Økonomi - som vedteke i skjema 1B | 57.511.000 | 56.272.420 | -2,1% |

Fellestenester

Område for fellestenester er sett saman av område servicetorg og arkiv, IKT, informasjon samt økonomi, lønn og personal. Alle tilsette i fellestenester har arbeidsstad på kommunehuset, og bistår alle andre tenesteområdar.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -3,6% |
| Sjukefråvær | 3,0% | 3,7% |

Arbeidspresset er stort og fleire oppgåver blir liggjande på vent og delvis u gjorte. Sentrale arbeidsoppgåvene til dømes løn, rekneskap, fakturering er særskilt sårbar for sjukefråvær. Det same gjeld for fleire av dei andre oppgåvene fellestenester utfører.

Servicetorg/arkiv

Servicetorget har ansvar for sentralbord- og resepsjonsteneste for alle tenestene, politisk sekretariat, postteneste og sentralarkiv, skanning og vidarebehandling av inngående fakturaer, elevskyss i grunnskulen, bustønad og startlån, formidling av landbruksvikarane, saksbehandling knytt til skjenking og sal av alkohol, avlegging av etableringsprøve og kunnskapsprøve om alkohollova m.m.

Servicetorget har gjennom 2017 hatt stor nytte av ein person i arbeid etter avtale med NAV.

Hendingar i 2017

Stortingsvalet, arbeid med arkiv og arkivplan.

Utfordringar

Få sett av nok ressursar (tid og personell) til å lukke arkivavvik.

Økonomi og personal

Avdelinga yter tenester for dei øvrige delane av kommuneorganisasjonen gjennom rekneskapsoppfølging, personal- og lønsarbeid, fakturering og systemansvar for Visma Enterprise.

Hendingar i 2017

NAV innført digitale sjukmelding og oppfølgingsplan.

Utfordringar

Stort press på daglege gjeremål fører til liten grad av overordna personalarbeid. Det blir arbeidd for ein meir digitalisert kvardag.

IKT

IKT-tenester blir stort sett leverte gjennom Regiondata. Drifta har stort sett vore stabil med lite nedetid, men omorganiseringar hos ekstern driftsleverandør har skapt ein del problem siste året og er medverkande til at Regiondata har valt å overta driftsansvaret for serverparken i eigen organisasjon i løpet av 2018. Vi ser at nedetid og andre driftsproblem skaper frustrasjon i organisasjonen. Stabilitet er ein suksessfaktor.

Hendingar i 2017

I skule- og barnehage fekk 5. årstrinn nye pc-ar. Dei eldre pc-ane frå 5. blir no nytta i små-skulen.

Utfordringar

1. årstrinn nyttar aldrande Classmate-PC-ar. Lærarar har eldre berbare maskiner, men ut-skifting er i gang. Infrastruktur i skule og barnehage fungerer stort sett, men vi har planlagt oppgradering av trådlaust nett grunna auka bruk og aldrande utstyr.

Digitaliseringstrategi

Kommunen har vedteke å være fulldigitaliserte innan 2020. I samband med dette ser ein utfordringar knytt til oppgradering av eksisterande system og behov for nye system, samt å utnytte eksisterande system optimalt.

Informasjon

Informasjonsarbeidet omfattar både ekstern og intern kommunikasjon. Tenesta har m.a. an-svar for utvikling av heimeside, intranett, sosiale medium, trykksaker og anna informasjons-materiell.

Hendingar i 2017

Ny kommunal heimeside vart lansert i 2017 for kommunane Vågå, Skjåk, Lesja og Dovre. I tillegg valgte også Lom og Sel, samt regionrådet, å gå for same publiseringsløysing som dei øvrige. Dette inneber at frå 2018 vil alle kommunane i regionen vere på same plattform.

Utfordringar

- Det blir arbeidd for vidare utbygging av breiband i kommunen
- Samordna profilering

Stab/støtte

Etter omorganiseringa i 2015 vart nokre område lagt som støttefunksjonar direkte under rådmannen. Desse er tildelingskontoret, næringskoordinator og økonomisjef.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|-----|------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | 4,7% |

Tildelingskontor

Tildelingskontoret si hovudoppgåve er å behandle saker om helse- og omsorgstenester i Vågå kommune.

Fokusområder/hovud arbeidsoppgåver i 2017

Tildelingskontoret kartlegg brukar sitt behov, fattar enkeltvedtak og behandlar eventuell klage på vedtak. Tildelingskontoret behandla om lag 730 saker i 2017. Dette er ein nedgang frå 2016.

Kommunen har fått fleire og meir komplekse oppgåver som følgje av Samhandlingsreformen. Tildelingskontoret har ansvar for utskrivningsklare pasientar og har daglig kommunikasjon med sjukehuset og regionalt LMS Nord Gudbrandsdal distriktsmedisinske senter. Tildelingskontoret har ansvar for den lovpålagte funksjonen koordinerande eining.

Hendingar i 2017

Vågå kommune har etablert forbetingsteam som arbeider med gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke. Vårt fokusområde har vore å betre pasientforløp for pasientar på korttids-opphold. Vi vil ta i bruk sjekklistar og tavlemøte for pasientar på korttidsopphald, for å få meir målretta oppfølging av pasientane og oppnå større sirkulasjon i korttidsplassane.

Korttidsavdelinga i Vågå med 5 plassar hadde 538 liggedøgn i 2017. Det var ikkje til-knytt fast bemanning ved avdelinga i 2017, så den vart nytta til pasientar med mindre bistandsbehov. Korttidsavdelinga i Vågå er med å lettar på presset på korttids-plassar. Det er nå tilknytt personale på dag- og kveldsvakt med sambruk av nattvakt ved Vågåheimen.

Utfordringar

Som alle helse- og omsorgstenestene i Vågå kommune, så merker vi i periodar eit stort press som følgje av auka ansvar etter samhandlingsreformen. Pasientane blir ikkje lenger ferdigbehandla i sjukehus, og blir utskreve tidlegare og med fortsatt behov for medisinsk behandling og oppfølging. Tidelingskontoret bruker ein stor del av tida til å handtere meldingsutveksling med sjukehus, koordinering og dokumentasjon.

Næring

Fokusområder/hovud arbeidsoppgåver i 2017

- Næringsarbeidet i Vågå Kommune skal leggje til rette for eit aktivt og attraktivt næringsliv i kommunen gjennom å rådgjeving nyetablerarar og eksisterande bedrifter
- Bli kjent med eksisterande næringsliv og knytte tettare samarbeid mellom Næringsliv og kommunen
- Næringskoordinator har møterett i Vågå Utvikling sitt styre

Hendingar i 2017

- Etablert nært samarbeid med Lom og Skjåk kommune, gjennom å arrangere Næringspubar i Ottadalen og frukostmøter. Arrangert fleire næringspubar med ulike aktuelle tema på forskjellige leksjonar. Målsetninga er å etablere uformelle møteplassar for å skape nettverk og kjennskap på tvers av kommunar og næringsliv.
- Etablert prosjekt saman med privat næringsliv deriblant etablering av massivtreproduksjon og handle lokalt kampanje
- Besøkt rundt 25 bedrifter for å bli kjent
- Stillingsslepp med over 100 ledige stillinger

Utfordringar i 2017

- Fragmentert næringsliv som kan tene mye på nye nettverk og samarbeidsformar

Kultur

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod, med vektlegging på oppleveling og trivsel, i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag og organisasjonar.

Avdeling omfattar tenestene kulturkontor, kulturskule, folkehelse, ungdomskonsulenten, flyktingtenesta, biblioteket og frivilligsentralen.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|-----|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -3,1% |
| Sjukefråvær | 3% | 7,8% |

Kulturkontor

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Gje innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod.

Hendingar i 2017

Vågåtreffen, Folkemusikktreffen, Grendafestival i Skogbygda og Skårvangen, Hot-Pot, Trakk-torrock, Fjellfilmfestivalen, Marknad i Randsverk, Blåhø Opp, Lalmsdagen, Jotunheimen Fjell-festival, Reinsfestivalen, Besseggenløpet, Vågå-dågå, Diktardagar, 2 kinoframsyningar kvar veke frå september til mai, utdeling av kulturpris og konsertar med Norsk Barokkorkester, Beck & Skeidsvoll og «jul i Storstugu».

Møte med lag/foreiningar og enkeltpersonar for å leggje til rette for at Vågå kommune skal bli ei betre kommune innan arrangement.

Ullinsvin kunst-, kultur- og kompetansesenter:

Utarbeiding av masterplan for Ullinsvin, for å sikre eit heilskapleg prospekt for satsinga. Vedtak i kommunestyret om tilslutning til masterplanen og oppfølgjing av denne med eigen prosjektleiar.

Munch i Vågå

Etablering av guideteneste sumaren 2017: Dagleg guiding i periode på 6 veker. Etablering av aktivitetar i Ullinsvin: Cafe Edvard og konsertserien «Ut i vår hage». Forprosjekt: Munch 2.0: Den nordlige rute i lag med Løten kommune, NPR AS og Hamarregionen AS. Munch-workshop for informasjon og lokal forankring.

Håndverk+

Forprosjektseminar for medarrangørar/samarbeidspartar Håndverk+ for å etablere felles plattform og leggje plan for etablering av nasjonal møteplass for håndverk og design.

Utfordringar

- Utfordringar med å arrangere eit breiddeprogram når det gjeld konsertar.
- Symjehall er utsliitt og stengt.

Bibliotek

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Gje eit rikhaldig utval av bøker, tidsskrift og andre media.

Hendingar i 2017

- Fleire utbetringstiltak inkl. etablering av eiga studieavdeling.
- Lesestundar for barn og eldre, opne kveldar med bokpresentasjonar, samarbeid med Vaksenopplæringa og Frivilligsentralen, forfattarbesøk med boklanseringar.
- Utvida opningstida med ein dag meir.
- Stabilt utlån av bøker og andre media.

Flyktningtenesta

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|----------------|------|------|------|------|
| Busette i året | 11 | 17 | 21 | 9 |

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Flyktningkontoret, idretten og kulturskulen arbeider for å gje barn unge 8 – 18 år minimum eit tilbod om organisert aktivitet på fritida. Leksehjelp for grunnskuleelevarane. Breitt samarbeid med Frivilligsentralen og lokale lag og organisasjonar.

Hendingar i 2017

- Teaterprosjektet Hot-Pot.
- Prosjektet «Flyktning som Ressurs» frå IMDI vart vidareført, og Vågå kommune får fortsetja som busetningskommune.
- Sal av tenester til Lom kommune.

Utfordringar

- Kompetansebygging og tverrfagleg tenking.

Folkehelse

Folkehelsekoordinator er leiar av folkehelsegruppa i Vågå kommune, som består av representant barnehage og skule, ungdomskonsulent, plan og miljørådgjevar, ansvarleg kommunale vegar og byggesak, Frivilligsentralen, miljøterapeut barn og unge, helseyster og representant landbruk.

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

- Frisklivssamlingar for alle innbyggjarar i Vågå med fokus på kva faktorar som spelar inn på vår helse og trivsel
- Fysisk aktivitet for vaksenopplæringa, brukarar innan psykisk helse, funksjonshemma, ungdom og seniorar
- Ansvarleg/sakshandsamar for idrett og friluftsliv i kommunen, sekretær i Vågå idrettsråd
- Trygt lokalsamfunn og skadeførebygging generelt.
- Ansvarleg for den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken i Vågå

Hendingar i 2017

- 30 førebyggjande heimebesøk til eldre over 75 år
- Drift og vedlikehald av 14 turkasser rundt om i Vågå kommune
- Aktiv sommarferie
- Akedagar i Dompe for alle innbyggjarar i Vågå
- Minifjellfilm for 8. klasse ved Vågå ungdomsskule
- Kulturarrangement
- Konserter og aktivitetar gjennom den kulturelle skulesekken
- Aktivitetar gjennom den kulturelle spaserstokken. Seniorkino, dagstur, Eldredagen og fysisk aktivitet.

Frivilligsentralen

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Frivilligsentralen skal være ein møteplass for alle, uansett livssyn, kjønn, alder og etnisitet. Sentralen sin intensjon er å være eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet.

Om lag 100 frivillige har lagt ned 6015 frivillige timer som er organisert gjennom frivilligsentralen, I tillegg er det 5256 frivillige timer på Ting & Tøy.

I februar 2017 fekk vi ein ekstra bil til matkjøring for å bruke dei dagane det er ekstra lange ruter, (4 dagar pr veke) og med det mange nye sjåførar. Vi har ein sjåførstab på 15 stk.

Det er kjørt ut 6131 middagar og over 100 bytter med strøsand.

Hendingar i 2017

- Solfest, samarbeid med arbeidsstugu Vågåheimen og elevar frå Vågå Ungdomskule
- Datarettleiing med ungdommar frå IKT linja ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule
- Nettbankkurs, samarbeid med Sparebank 1
- Jubileumskveld – Frivilligsentralen 25 år
- Liv & Røre i Bankbrenna under VågåDågå saman med Vågåheimen og barnehagane
- Verdsdagen for psykisk helse, foredrag med Steffen Dahl
- Ettermiddagstreff med bingo og minikonsert med Vågå Sangkor
- Frivilligmiddag på Vågå Hotell
- Julbakst med elevane på vaksenopplæringa

Utfordringar


- Rekruttere nye frivillige

Kulturskulen

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

- å levere god kunstfagleg og kunstpedagogisk undervisning til elevane våre
- gi innbyggjarane i Vågå gode kulturelle opplevingar gjennom formidling og undervisning av ulike kunst- og kulturuttrykk

I 2017 hadde kulturskulen 133 elevar. I tillegg har om lag 45 elevar i 3.klasse på Lalm og Vågåmo skule opplæring på blåseinstrument eller trommer gjennom klassekorps. Kvar veke har 178 elevar fått undervisning i gruppe eller individuelt gjennom kulturskulen. Vi har undervisning i musikk, dans teater, samt karusell. Vi har framleis stort fokus på å byggje opp at Vågå skulekorps. Vi har og fokus på integreringsarbeid både internt i kulturskulen, i samarbeid med andre instansar i kommunen og i samarbeid med dei andre kommunane i 6K.



Hendingar i 2017

- Utandørs framsyning i Jutulheimen i samband med 25 års jubileumsmarkeringa til kulturskulen. Mange aktørar deltok, både store og små, både elevar, lærarar og mange gjestar frå lag og foreiningar og også profesjonelle
- Korpskonsert med Vågå skulekorps i samarbeid med Lalm- og Vågå musikkforeiningar
- Framsyning i samarbeid med skulekorps på Otta, Lom og med Teater Innlandet
- Mange ulike små og store konsertar og framsyningar i eigen regi
- Også i 2017 gjekk elevar frå Vågå kulturskule vidare til landsfestivalen i UKM

Utfordringar

- Implementering av den nye sentrale rammeplanen «Mangfold og fordjupning»
- Arbeid med lokal læreplan og ny kulturskuleplan
- Lokalisering og fysiske fasilitetar

Ungdomskonsulent

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

- Hovudmålet er å drive helsefremjande, haldningsskapande og målretta arbeid, og å arbeide for at ungdom blir tatt på alvor og sett på som ein ressurs.
- Arbeide for auka interesse og kunnskap innan friluftsliv.
- Drift av Vågå ungdomsråd, ungdomsklubben, MOT-arbeidet , ungdomsarrangement og deltaking i forskjellige råd og utval.

Hendingar i 2017

- Administrasjon av Nattravngruppa i Vågå
- Arrangert BMX-kurset Villa X-treme
- Arrangert viltkveld for ungdom i Ottadalens
- Planlegging og opning av aktivitetsparken

Vaksenopplæring

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Vaksenopplæringa gjeld for flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte med behov for opplæring i norsk med samfunnskunnskap, og for vaksne som ikkje har godkjent grunnskuleutdanning. Dei fleste av elevane følgjer det toårige introduksjonsprogrammet som busette flyktningar må gjennomføre for permanent busetting i Noreg.

Hendingar i 2017

I 2017 hadde vi språkpraksisplassar i fleire private og offentlege verksemder i Vågå. For å variere skuledagen har vi fast treningstime på treningsenteret, vi har dialekttime med Mållaget Ivar Kleiven og bibliotektime. Vi har opna opp for at elevane våre kan ta både samfunnsfagprøve på norsk og statsborgarprøve her, og dei fleste består på første forsøk.

Vågåheimen

Vågåheimen har 38 pasientrom, av dette er det eitt dobbeltrom som blir nytta til korttidsopphold. Korttidsavdelinga i underetasjen har 5 pasientrom. Denne blir drifta av heimsjukepleia. Vågåheimen har i hovudsak bebuarar på langtidsopphold, men har også pasientar på korttids- og avlastningsopphold.

Vågåheimen er den største enkeltarbeidsplassen i Vågå kommune, med om lag 80 tilsette. I tillegg driftar kjøkkenet på Vågåheimen kulturkafeen og kantina på kommunehuset. Vågåheimen driftar også eige vaskeri.

| Nøkletal | Mål | 2017 |
|--|-----|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -2,7% |
| Sjukefråvær | 7% | 11,6% |

Hovudarbeidsoppgåver i 2017:

- Helse – og omsorgsprosjektet
- Nye arbeidsplaner

Utfordringar

- Periodevis stort arbeidspress med ressurskrevjande pasientar.
- Nytt turnusprogram har gjeve oss store utfordringar. Vi har brukt mykje tid på å sikre at dei tilsette skal få rett lønnsutbetaling til ei kvar tid. Spesielt utfordrande har det vore ift. lønn etter spesialturnusar (jul/påske/mai/ferie).



Område omfattar tenestene helsetenester, tenester for funksjonshemma, heimesjukepleia, barnehage og skule.

| Område | Budsjett | Rekneskap | Avvik |
|-----------------------------------|-------------|-------------|-------|
| Økonomi - som vedteke i skjema 1B | 118.871.000 | 120.315.556 | 1,2% |

Helsetenester

Vågå helsetenester tilbyr eit heilskapleg helsetilbod til alle kommunens innbyggjarar. I eit tverrfagleg miljø, blir det ytt oppdatert, kunnskapsbasert helsehjelp lokalt og i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Det blir fremma bevisstgjering og kunnskap om helse hjå individ og i lokalsamfunn, med respekt og omsorg for enkeltmenneske.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|-----|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -3,8% |
| Sjukefråvær | 7% | 10,7% |

Legetenesta

Vi har stabil legedekning, kommunelege 1 har vore ute i utdanning i delar av 2017. Det har vore fast vikar store delar av permisjonstida. Alle legar har teke vidareutdanning og er snart godkjende som spesialistar i allmennmedisin.

Legane har i tillegg til pasientretta verksemd, ansvar for tilsyn på Vågåheimen, i skulehelsetenesta og helsestasjonstenesta. Legane inngår og i inter-kommunal legevaktordning, og deltek i samfunnsmedisinske oppgåver. Tenesta har turnuslege og legestudent to gonger i året.

Hendingar

Kundemottaket på helsesenteret vart hausten 2017 styrka med ei 40 % stilling. Dette trengte vi sårt, da pågangen er stor og vi ynskjer å gje så rask respons som mogleg både på telefon, laboratoriet, skadestue og resepsjon.

Utfordringar

- For lang ventetid på time hjå fastlegen.
- Beredskap til å ta imot akutte hendingar.

Helsestasjonstenesta

Tenesta omfattar tenestene helsesøster, jordmor, miljøterapeut og barnefysioterapeut, og utfører lovpålagde oppgåver som førebyggjer sjukdom og fremjar god fysisk, psykisk og sosial helse hjå barn og ungdom 0-20 år. Det vart født 30 barn i Vågå i 2017.

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

- Helsesystertenesta bidreg med oppgåver innanfor miljøretta helsevern, smittevern og reisevaksinering
- Svangerskapsomsorgen førebyggjer sjukdom og fremjar helse hos det ufødte barnet og blivande foreldre
- Fysioterapeut følgjer opp barn med ulik grad av motoriske vanskar eller andre funksjonsnedsettingar for kortare eller lengre periodar, etter henvisning frå foreldre, barnehage, skule eller helseteneste
- Fysioterapeut har eit rettleatingsansvar i forhold til foreldre og personaler i barnehage og skule

- Tenesta er eit lavterskelttilbod som skal vere lett tilgjengeleg for barn, ungdom, foreldre og gravide, og kunne gje tilpassa råd, rettleiing og samtaler som blir etterspurd
- Tenesta fokuserer på ressursar og mestring hos den enkelte.
- Individuelle samtalar
- Fokusområde: Vold i nære relasjoner (graviditet, familier, skole: Sinna mann)

Hendingar i 2017

- Opplev aukande pågang av brukarar som ynskjer å nytte tenesta vi har
- Gode tilbakemeldingar på individ og gruppebasert foreldrevegleiing som tilbyds i tenesta
- Miljøterapeut tok PMTO utdanning i 2016, og 40 % av stillinga hennar går til dette arbeidet.
- 4 månaders gruppe med helsesyster og fysioterapeut
- Foreldreførebuande samtalekveldar
- Barseltreff vår og haust
- Felles helsedag på 3. steg
- Aktiv summarferie i veka før skulestart
- Verdendagen for psykisk helse
- Trivselsgrupper
- COS-P grupper (foreldrerettleiing)

Utfordringar

- Stadig større krav til tenesta frå spesialisthelsetenesta knytt til:
 1. Barn og unges psykiske helse. Det er eit aukande behov for støttesamtaler for barn og ungdom med milde til moderate psykiske vansker.
 2. Tidligere heimreise frå barsel krev større beredskap i tenesta.
- Oppfølging av barn med psykisk sjuke foreldre.
- Ettervaksinering av HPV- vaksine for kvinner fødd frå 1991 og seinare.

Psykiatritenesta

Tenestene vi utfører er samtaler på kontoret, heimebesøk, gruppertilbod og samhandling med andre instansar som til dømes DPS døgn og Psykiatrisk poliklinikk på Otta, rusinstistusjonar, fastleger, NAV, Barnevern. Vi arbeider for å oppnå heilskap og samanheng i tilboda mellom anna ved auka bruk av Individuelle planar og Ansvarsgrupper.

Totalt antall pasienter i behandling i Psykisk helse i 2017: 142

Hendingar i 2017

- Implementering av prosedyrer for psykisk helseteneste i samarbeid med dei 5 norddals-kommunene
- Gjenomført brukarkartlegging innan rus/psykiatri
- Utvikling av dag/aktivitetstilbod innan motivasjon og mestring, sosiale trening og fysisk aktivitet. 29 brukarar deltok på dette tilboden i 2017
- Oppstart av samarbeid Mental Helse i Vågå, Lom og Skjåk
- Samarbeid med flyktningtenesta om psykisk helse som del av introduksjonsprogrammet
- Gjenomføring av Verdensdagen for psykisk helse i samarbeid med andre kommunale aktører

Utfordringar

- Mangler kompetanse til å drive KID eller KAD-kurs
- Det strammes inn på polikliniske tenester og døgntilbud på spesialisthelsetenestenivå. Kommunen er pålagt å håndtere saker, som tidlegare ble håndtert av spesialisthelsetenesta. Dette gjev den kommunale tenesta store utfordringar.

Fysioterapitenesta

Fokusområder/hovudarbeidsoppgåver

Hjelpe innbyggjarane i kommunen til å bu heime/utanfor institusjon så lenge som mogleg. Rehabilitering innenfor og utenfor institusjon.

Hendingar

Plan for hverdagsrehabilitering . Oppstart hverdagsrehabilitering

Utfordringar

- Stadig større krav til dokumentasjon som stel av tida til pasientretta arbeid .
- Å få elektronisk meldingsutveksling til å fungere.

Ergoterapitenesta

Tenesta gjev tilbod til heimebuande eldre, helsestasjon, skulehelsetenesta, bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming, Vågåheimen og korttidsavdeling. Ergoterapeuten arbeider med brukarar som har aktivitetsvanskar i det daglege liv, formidling og tilpassing av hjelpemiddel og trening av daglegdagse aktivitetar i eit tverrfagleg miljø.

Hendingar i 2017

- Det vart utlevert 591 hjelpemidlar til ein samla verdi på kr. 2 mill.
- Oppstart av kvardagsrehabilitering august 2017. Kvardagsrehabilitering er ei teneste for eldre heimebuande som treng eit lite løft i kvardagen, for å kunne bu heime lengst mogleg.

Utfordringar

- Folk kjem heim tidlegare frå spesialisthelsetenesta, meir komplekse og langvarige sjukdomsbilete.
- Brukarar skal bu heime lengst mogleg, større press i forhold til hjelpemiddelformidling.

Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma består av 4 einingar; 3 bustader og eit dagtilbod for personar med utviklingshemming.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | 0,4% |
| Sjukefråvær | 7,0% | 12,9% |

Fokusområder/hovudarbeidsoppgåver

Lukke avvik

Fylkesmannen i Oppland gjennomførte tilsyni tenesta i april 2016. Det vart etter tilsynet avdekkja 3 avvik som framleis ikkje er lukka. Dette dreier seg i stor grad om eit kvalitetssikkert system for rettleiing og opplæring av dei tilsette. For å sikre at dette kan gjerast må ein ha rutinar og fagjournalsystem utarbeidd. Store deler av 2017 har blitt utnytta til å utarbeide dette.

Tenesteleiar har i samband med vidareutdanning køyrd eit prosjekt i tenesta i regi av studiet. Dette har medført at det i samarbeid med dei tilsette er utvikla eit betre kompetansehevande personalmøte.

Samarbeid med bebuarar/pårørande/verje

Tenesteleiar/ avdelingsleiar har hatt jamlege møter der bebuarar, pårørande og verjer har vore invitert. Dette har vore viktig for å sikre dialog mellom partane og gjeva informasjon.

Hendingar i 2017

- Omstrukturering av bufellesskap
- Ny turnus
- Fagsystem tilpassa verksemda

Utfordringar

- Det er store utfordringar med å rekruttere og behalde høgskulekompetanse i tenesta.

Heimesjukepleia

Tenesteområdet omfattar heimesjukepleie, praktisk og personlig assistanse, «husfar» for montering og utkøyring av hjelpemiddel, drift av korttidsavdeling og dagtilbod for heimebuande med demens.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | 3,0% |
| Sjukefråvær | 7,0% | 7,4% |

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

Utvikle tenestene i tråd med etterspørsele hjå pasientane. Vridning frå institusjon til heimebuande med tenester utifrå omsorgstrappa og individuell vurdering. Fokus på å handtere pasientar med eit meir samansett sjukdomsbilete , fleir tilsyn gjennom døgnet og også bistand av to personale samtidig.

Tverrfaglege møter på korttidsavdelinga for å sikre meir forutsigbarheit for pasientar/pårørande når dei får tilbod om opphold.

Hendingar i 2017

Heimetenesta er ei uforutsigbar teneste da det ikkje er noko tak på talet på pasientar. Pasienten bur i eigen heim og har rett på tenester der dei bur. Heimetenesta opplever ei auke i samansette behov hjå pasientane. Det har vore eit betydeleg press på heimtenesta gjennom det siste året, med fleire pasientar som treng mykje tenester over lengre tid.

- Velferdsteknologiske løysingar er tatt i bruk, og vil bli satsa på meir i framtida.
- Kvardagsrehabilitering er kome i gang og nyttar med god effekt hos dei det gjeld.
- Demensvennleg samfunn og undervisningskveldar er starta opp.
- Demenssjukepleiar har hatt to kartleggingsdagar i veka som har vore nyttar til heimebøsök, pårørandearbeid og samarbeidsmøter.

Utfordringar

Dreiing av tenesta frå institusjon til heimtenesta, der kvar brukar skal få bu heime så lenge dei ynskjer, og det er fagleg forsvarleg. Skal vi lukkast med det, er det nødvendig å legge om drifta frå pleie til rehabilitering. Tenesta personleg assistanse er eit godt tilbod i denne samanhengen. Assistenten vil kunne gjera oppgåver både i og utafor heimen, som er meir tilpassa pasienten sitt behov. I tillegg er det viktig å kunne skape tryggleik i heimen ved bruk av forskjellige hjelpemiddel så som:

- Brannsensor
- Tryggleiksalarm
- GPS – klokke
- Døralarm

Dagtilbod for heimebuande med demens:

Dagtilboden til heimebuande med demens har eit tilbod 4 dagar i veka. Eit godt dagtilbod vil vera vegen å gå om den einskilde skal kunne bo heime så lenge det er fagleg forsvarleg.

I tillegg til demenssjukepleiar har dagtilboden bestått av fagkompetansen aktivitør. Det er lagt opp til aktiviteter både inne- og ute.

Dagtilboden er både eit tilbod til brukar, men også eit avlastningstiltak for deira pårørande.

Barnehage

| Antall barn i kommunale barnehagar (haust) | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|------|------|------|
| Søre Grindstugu | 78 | 67 | 58 |
| Lalm | 40 | 32 | 27 |
| Tessand | 11 | 13 | 8 |

Det er tre kommunale barnehagar i Vågå. Lalm Barnehage som har ei avdeling for dei største barna og ei avdeling for dei minste. Tessand barnehage er ein avdelingsbarnehage. Søre Grindstugu barnehage har fire avdelingar; småbarnsavdeling, 5 års-avdeling og to avdelingar med barn frå 3-4 år.

Det er og to private barnehagar, Trudelutten barnehage som har ei avdeling for dei minste barna, og Tytingen Gards- og Naturbarnehage som er godkjent for barn i alderen 1-6 år.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -6,1% |
| Sjukefråvær | 4,0% | 10,0% |

I 2016 fatta kommunestyret vedtak om avvikling av Tessand barnehage frå hausten 2018. Rådmannen har byrja arbeidet med gjennomføring av vedtaket.

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

Våren 2017; Vaksenrolla med fokus på relasjon vaksen/barn

Det er god kvalitet i arbeidet med vaksen - barn relasjon når den vaksne;

- er tilgjengelege og tilstade for barna gjennom dagen
- er anerkjennande, omsorgsfull og er ei trygg base
- er gode rollemodellar for å hindre krenkjande åtferd

Hausten 2017; Vaksenrolla med fokus på sosial kompetanse

- lar barna medverke og vere lydhøyre for barna sine initiativ
- fremmer eit inkluderande leikemiljø
- bygger «robuste» barn
- er gode rollemodeller

Hendingar i 2017

- Ny konkret og oversikteleg rammeplan frå 1.august 2017
- Vi er med på eit prosjekt frå UDIR på; inkluderande skule- og barnehagemiljø med fokus på tre områder: Systematisk arbeid i personalgruppa, haldningsarbeid og foreldresamarbeid
- Vi er med på Fylkesmannen si satsing; Barn sin medverknad og implementering av den nye rammeplanen

Utfordringar

- Låge fødselstal over tid kan gjera at det blir utfordring med å fylle dei 4 barnehagane i kommunen framover.
- Implementering av rammeplanen
- Endring av Barnehageloven frå 1.august 2017– 3 åringen tel som 2 barn fram til 1.august det året barnet fyller 3 år, det vil si at har du fylt opp barnehagen 1.august så kan du ikkje ta inn barn ved nyttår

Skule

Det er tre skular for grunnskuleelevar i Vågå kommune. Lalm og Vågåmo skule med elevar frå 1. til 7. steg, samt Vågå ungdomsskule med elevar frå 8. til 10. steg.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | 4,0% |
| Sjukefråvær | 7,0% | 4,4% |

| Grunnskulen i Vågå | 2015-16 | 2016-17 | 2017-18 |
|--|------------|------------|------------|
| Talet på elevar | 412 | 419 | 422 |
| - Lalm skule | 57 | 63 | 62 |
| - Vågåmo skule | 215 | 228 | 240 |
| - Vågå ungdomsskule | 140 | 128 | 120 |
| Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon | 26 | 28 | 26 |
| - Lalm skule | 4 | 6 | 6 |
| - Vågåmo skule | 14 | 15 | 14 |
| - Vågå ungdomsskule | 8 | 7 | 6 |
| Talet på lærarar | 54 | 55 | 56 |
| - Lalm skule | 7 | 8 | 8 |
| - Vågåmo skule | 26 | 26 | 26 |
| - Vågå ungdomsskule | 22 | 22 | 23 |

Lalm skule

| Elevundersøking - psykososialt miljø | 4,9/5 |
|--------------------------------------|-------|
| Elevundersøking - støtte frå heimen | 4,5/5 |

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

- Eit trygt skolemiljø
- Trykk på basisfaga
- Auka foreldreengasjement

Hendingar i 2017

Gode resultat på Nasjonale prøver 5.steg

Utfordringar

- Skaffe kompetente vikarar ved behov
- Sikre såpass god grunnbemanning at elevar i «gråsone» for spesialundervisning får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet

Vågåmo skule

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

- Inkluderande skolemiljø.
- Implementering av ny §9A.
- Læringsmiljø. Det blir arbeidd meir systematisk og strukturert. Felles skolering i personale.
- Læringsutbytte.
- IKT; vidareføre og vidareutvikle satsingane vi er inne i.
- Auka læringsutbytte.
- Tidleg innsats (både fagleg og psykososialt).

Hendingar i 2017

- Reduksjon av elevar på meistringsnivå 1
- Stor framgang på samla resultat på nasjonale prøver for 5. steget.
- Digitale tavler i alle klasserom/grupperom og i aulaen.
- TL-programmet har gått også i 2017, og det er eit vellykka tiltak.

Utfordringar

- Nye kompetansekrav. Korleis imøtekome dette?
- Sikre god grunnbemanning slik at elevar i «gråsone» for spesialundervisning får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.
- Kompetanse og ressursar i samband med nykomne minoritetsspråklege elevar.
- Romkapasitet blir «sprengt», neste skuleår er det minst 252 elevar mot 241 ved skulestart sist haust.
- Andre yrkesgrupper inn i skulen, t.d. vernepleiar. Dette for å imøtekome behov til enkeltelevar.

Vågå ungdomsskule

Vågå ungdomsskule sin visjon er: Vi klatrar i lag

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

- Eit trygt og godt skulemiljø
- Auke læringstrykk i fag

Mål for skuleåret 2017-2018:

- Synleggjera at vi er ein MOT-skule.
- Aktiv undervegsvurdering

Langsiktig mål:

- Forbetre resultata våre på nasjonale prøver, eksamen og i elevundersøkinga.

Hendingar i 2017

- Gode resultat på nasjonale prøver på både 8. og 9. steg
- Den statlege satsinga Ungdomstrinn i utvikling har ført til at det har vorte gjort mykje godt utviklingsarbeid på skulen i 2017.
- Grautservering to morgonar i veka frå oktober har vore eit vellykka tiltak.

Utfordringar

- Enkelte av tala våre i elevundersøkinga.
- Elevar med stor grad av tilrettelegging i skulekvardagen utanfor klasserommet.
- Gje elevar i «gråsone» for spesialundervisning ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.



Område omfattar tenestene Tekniske tenester, landbrukskontor, skattekontor, NAV

| Område | Budsjett | Rekneskap | Avvik |
|-----------------------------------|------------|------------|-------|
| Økonomi - som vedteke i skjema 1B | 33.128.000 | 32.428.953 | -2,1% |

Tekniske tenester

Sektor for tekniske tenester yter service til heile kommunen i form av varer og tenester. Drift og vedlikehald av vegar, bygg eller kommunale grøntområde er viktig for å kunne yte gode tenester og for at det skal bli triveleg for innbyggjarane og dei tilsette i kommunen. Sektoren skal legge til rette for at folk flest får utført bygg- og anleggsarbeid i samsvar med lover og forskrifter.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|------|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | -4,3% |
| Sjukefråvær | 7,0% | 3,7% |

Plan og miljø

Hovudarbeidsoppgåver innan planområdet har vore kommuneplanprosessen, oppfølging av reguleringsplanprosesser, behandling av dispensasjonssaker og arbeid med kulturminneplan. Innan miljøområdet har det m.a. vore oppgåver knytt til forvaltning av vilt, fisk og vassdrag, samt forvaltning og skjøtsel i verneområda, behandling av motorferdselssaker og inngrepssaker.

Hendingar i 2017

- Arbeid med, og sluttbehandling og godkjenning av, kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunnsdel
- Godkjenning av 4 detaljreguleringsplanar: Detaljregulering for Jotunheimen caravan camp Heimsand, Detaljregulering for Jotunheimen caravan camp Postfuru, Detaljregulering for Fylkesveg 453 GS Skogbygdvegen og Detaljregulering for Rv. 15 Tessand haldeplass.
- Behandling av 9 dispensasjonssøknader frå plan, derav alle innvilga.
- Behandling av 8 motorferdselssøknader. Av desse vart 7 innvilga; 3 løyve for bruk av snøskuter 2 løyve for barmarkskjøring, 2 løyve for helikopter.
- Arbeid med og høyring av forslag til kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad, eit utvald kulturlandskap.

Utfordringar 2017

Revisjon av overordna plan er store og langvarige prosesser som er ressur-skrevjande for kommunen. Tilsvarande gjeld også komplekse områdeplanar og detaljplaner. Med den ressurssituasjonen kommunen har, er det utfordrande å gjennomføre dei planoppgåvene som planstrategien legg opp til.

Byggjesak

Hovudmålet for tenesta er å leggje til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med høg kvalitet. Den 01.07.2015 vart fleire mindre byggetiltak friteke for søknadsplikt. Dette har tydeleg bidrige til mindre byggesaker. I 2017 vart det behandla totalt 172 saker innanfor området. Fordeling av ulike saker går fram av tabellen nedanfor:

| År | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|-----------------|------|------|------|------|------|
| Byggesaker | 96 | 109 | 127 | 130 | 126 |
| Frådelingssaker | 9 | 13 | 18 | 11 | 18 |
| Utsleppsaker | 10 | 11 | 8 | 7 | 6 |
| Andre saker | 57 | 52 | 14 | 16 | 39 |
| Totalt | 172 | 185 | 167 | 164 | 189 |

Hendingar i 2017


Saksbehandlingstida for byggesaker held seg godt innanfor dei lovfesta tidsfristane.

- Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 12 vekers frist: 12 kalenderdagar
- Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 3 vekers frist: 11 kalenderdagar

Veger og gater

Vågå kommune har ca. 85 km kommunal veg. Vedlikehaldet av dei kommunale vegane er sett bort gjennom anbodskonkurranse og står ved lag fram til 2019 med opsjon til å forlenge avtala fram til 2020. Teknisk sektor har utan om dette oppfølging av bruer, diverse trafikk-tryggleikstiltak, drift av bomvegar, gateljos osv.

Skogen Entreprenør AS har drifts- og vedlikehaldskontrakt med funksjonsansvar på dei kommunale vegane om sommaren mens vintervedlikehaldet er delegert Even Sveen maskinservice, og Kristian Gården og Sønner AS, alle lokale entreprenørar.



Hendingar i 2017

- Den kommunale vegen Klebervegen vart oppgradert med nytt bærelag og grusdekke, nye stikkrenner, breddeutviding, nye autovern, stikkrenner og grøfter.
- Det vart installert flombelysning ved overgangen ved Vågå kulturhus i samarbeid med Statens vegvesen der kostnadane vart fordelt mellom kommune og stat.
- Det er klargjort for asfaltering av strekning med grusdekke Øygardsvegen. Dette har vore planlagt i mange år og har vore på vent pga. planlagt nedlegging av kablar i veg.

Utfordringar

I 2017 har det vore uvanleg mykje nedbør i form av snø, denne snøen må køyrast bort og går på timer, dette går ut over sumarvedlikehaldet.

Brannvesen

Hovudmålet med tenesta er at Vågå kommune har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemannta, slik at oppgåver pålagt i lov og forskrifter blir utført på ein effektiv og sikker måte, sett i høve til kartlagt risiko og sårbarheitsanalyse. Jf. Brannlova § 9 og § 11.

Brannvesenet har i 2017 bestått av ein innsatsstyrke på 11 brannkonstabler og 5 utrykkingsleiarar.



| Talet på brann og redningsoppdrag fordeler seg slik i 2017 | Antall |
|--|--------|
| Brann i bygning | 3 |
| Trafikkulykke | 11 |
| Brann i gras/kratt | 5 |
| Brann i køyrety | 2 |
| Skogbrann | 0 |
| Pipebrann | 0 |
| Ambulanseoppdrag | 2 |
| Falske eller unødige alarmar | 8 |
| Tekniske alarmar i offentlege bygg | 13 |
| Anna assistanse | 17 |
| Totalt | 61 |

Det har ikkje vore mange bygningsbrannar det siste året noko som er gledeleg. Brannvesenet blir oftare utkalla til alle typer redningsoppdrag, som bla. trafikkulykker, bistand med redning av dyr, snøskred, ras, bistand til politi, redning i elv og skader i samband med luftsport og akutt forureining.

Feiing og tilsyn er ei lovbestemt oppgåve som er heimla i brannlova. Ordning med feiing og tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustader vart lovpålagt i 2016 og innført i Vågå kommune 2017.

Det er utført feiing av 181 piper og tilsyn med 181 fyringsanlegg i fritidsbustader i 2017, samt feiing av 769 piper og tilsyn med 59 fyringsanlegg i bustader i 2017.

Omfanget er i ferd med å bli større enn det er kapasitet for ein feiar.

Brannvesenet har også ansvar for at det blir gått tilsyn i byggverk og område der ein brann kan medføre store tap av liv eller store skader på helse, miljø eller materielle verdier, slike bygg blir kalla særskilde brannobjekt. Det er utført 31 tilsyn med særskilde objekt i 2017. Informasjonsarbeid om brannsikkerheit og brannførebyggjande tiltak mot kommunale verksemder og risikoutsette grupper, samt ulike nasjonale informasjonskampanjar har vore prioritert område for brannvesenet siste året.

Utfordringar

- Tankbilen bærer preg av att den byrjar å bli gammal og slitt, og er moden for utskifting

Vatn, avløp, renovasjon og septik

VARS området har ansvar for levering av rent og trygt drikkevatn og handsaming av avløpsvatn,renovasjonsordninga/miljøstasjon og septikordninga. NGR driftar renovasjonsordninga og miljøstasjon og Miljøservice har avtale om tömming av septik.

Hendingar i 2017

- Mattilsynet har gjennomført tilsyn med alle høgdebassenga våre. Dette resulterte i 1 mindre avvik som no er lukka
- Vasskvalitet ved dei ulike vassverka syner verdiar godt innafor krava nær som Skogbygda, der vi har for høge verdiar av nikkel. Der har vi ein dialog med Mattilsynet for vidare tiltak
- Det er i løpet av 2017 ferdigstilt oppdatert ROS-analyse og utarbeidd tiltaksplan for Vågå sentrum
- Vågå kommune har føreteke oppgraderingar av innsamlingspunktene for avfall frå hytter og setrer, slik at ein kan sortere meir og auke kapasiteten på ein del plassar. Likeeins har ein forsøkt å gjere innsamlingspunktene noko meir visuelt innbydande.
- Det er bestemt at NGR sjølve tek over renovasjon etter at noverande avtale med underentrepreneur går ut i mars 2018
- Behandling av av-vatna slam skjer ikkje lenger ved Vågåmo renseanlegg, men blir sendt til godkjend mottak i Sel kommune

Utfordringar

- Det er ein del klager på lukt og smak på vårt drikkevatn frå Lemonsjøen vassverk. Vi er no med i eit større forskningsprosjekt i lag med fagmiljøet i Norge for å sjå på årsak og moglege løysingar

Kart og oppmåling

Hovudoppgåva for kart og oppmålingstjenesta omhandlar sakar etter matrikkellova. Kommunen fungerer som lokal matrikkelmanndigheit og har ansvar for til ei kvar tid, å halde matrikkelen så oppdatert og riktig som mogleg.

Hendingar i 2017

Vågå kommune inngår i eit geodatasamarbeid med dei andre norddalskommunane. Kommunen har stor nytte av dette samarbeidet, både økonomisk og med tekniske løysningar, både for kommunens saksbehandlarar og publikumsinnsyn.

Hovudtyngda av arbeidet ligg på frådeling av eigetomtar eller festetomtar for bustad og fritidsformål. Samtidig er det ein del arbeid med retting og klarlegging av gamle grensar, og matrikkelføring av sakar frå jordskifteretten og Statens vegvesen.

Avdelinga hadde i 2016 matrikkellovtillsyn frå Statens Kartverk. Det blei ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar på dette tilsynet, men dei punkta som vart påpeika har vi endra rutina- ne på i starten av 2017.

Kommunale eigedomar

Vågå kommune sin eigedomsavdeling har ansvar for:

- FDVUS - Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av kommunens eigedomar
- Reinhald av alle kommunale formålsbygg
- Prosjektutvikling og byggherrefunksjonen for kommunen
- Eigedomsutvikling inkl. kjøp og sal av kommunal eigedom
- Disponibelt areal vel 33.500 kvm
- Investeringsprosjekt i ulike fasar
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens park-/grøntanlegg på om lag 50 dekar
- Kjøp og sal av kommunale tenestebilar, samt kontroll og vedlikehald av desse
- Kommunale innkjøp, med representant i fagrådet for kommunalt innkjøp i 6K

I tillegg til Vågå kommune sine eigedomar, har eigedomsavdelinga administrativt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Kolbotvegen sameige på Lalm. Kolbotvegen sameige er på totalt 8 bueiningar, der kommunens del er på 5 trygdebustader. Den samla eigedomsmassen er på vel 33.500 kvm. Areala fordeler seg på følgjande byggkategoriar:

| Type bygg | Antall m2 | |
|---|-----------|------------------------------------|
| Skular | 6.800 | |
| Barnehagar | 1.554 | |
| Helse og omsorgsbygg (inkl omsorgsbustader) | 8.943 | Vågåh., helsecent. og 25 omsorgsb. |
| Administrasjonsbygg | 3.000 | |
| Idrettsbygg | 2.400 | |
| Kulturbygg | 3.865 | |
| Utleigebustader | 2.240 | 30 eininger |
| Trygdebustader | 2.555 | 35 eininger |
| Andre bygg | 2.230 | |
| Totalt | 33.587 | |

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelpe til kyrkja, flyktningtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelpe til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grøntareal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar pr. år.

Større prosjekt i 2017:

- Moajordet: utvikling av Moajordet til park- og rekreasjonsområde, prosjektet vart ferdigstilt og august 2017
- Prosjektleiing: utgreiing/prosjektering av ombygging av Vågåheimen, samt strukturrendring av helseteneste (institusjon, heimebaserte tenetar og PU). Skisseprosjekt med to ulike alternativ lagt fram februar 2017 og i KS 26.09.2017 vart det bestilt utgreiing av eit tredje alternativ der ein i større grad nyttar Vågåheimen som i dag og i tillegg etablerer omsorgsbustadar med heildøgnstilsyn (HDO).
- Bårstadhallen: prosjektleiing og byggeleiing. Byggearbeida starta i oktober 2016, og bygget sto ferdig i august 2017
- Prosjektering og kontrahering, samt ombygging av nye kontorlokal i Ullinsvin, tilrettelagt for kulturbasert næring.
- Div. mindre prosjekt:
 - Utgreiing/prosjektering av gangbru over Finna. Prosjektet er førebels utsett. Til segn om tilskot frå Fylkeskommunen er godkjent med utføring i 2020. Tilskot frå Statens vegvesen må søkast om på nytt.
 - Utvendig beising av Frivilligsentralen og Vågåheimen
 - Utvendig beising og maling av Vågåheimen
 - Monterte ny solskjerming på delar av Vågå ungdomsskule
 - Montering av ny skiljevegg i Vågåhallen

Utfordringar

Den største utfordringa framover, vil være å takle det stadig vaksande behovet for utskifting og modernisering av tekniske anlegg, samt utskifting og modernisering av bygningsdelar med omsyn til lovendringar og nye miljø- og energikrav.

Ein ser eit stadig aukande behov for tilrettelagte bustadar for vanskelegstilte i bustadmarknaden, og at fordelinga mellom dei ulike brukarbehova har endra seg.

Behovet for sentrumsnære bustadar i nær tilknyting til ulike helsetilbod og andre offentlege tenestetilbod er vaksande, både blant yngre og eldre.

Det vil være viktig å få på plass ein heilskapleg bustadpolitisk handlingplan, slik at vi kan planlegge og løysa denne oppgåva på ein god måte.

NAV

NAV tenesta arbeidar for økt kontakt og bistand til arbeidsgivere skal føre til bedre markeds- NAV tenesta arbeidar for økt kontakt og bistand til arbeidsgivere skal føre til bedre markeds- kompetanse, i tillegg til å bidra til økt rekruttering og bedre inkludering i arbeidslivet. Tidleg og individuelt tilpassa oppfølging skal avklare bruker sin situasjon og behov for bistand for å komme i eller behalde arbeid og sikre bedre brukermøter. Kravene til aktivitet og mobilitet skal håndheves konsekvent.

Bruk av arbeidsrettede tiltak og hjelpe midler skal gi best mulig effekt for inkludering og overgang til arbeid. Det ordinære arbeidslivet skal i større grad tas i bruk som tiltaksarena.

Den kommunale sysselsettingsgruppa har vore viktig for at vi har lykkes i dette.

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|-----|-------|
| Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk) | 0% | 10,6% |
| Sjukefråvær | 3% | 0% |

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

- Fleire i arbeid
- Betre brukarmøter
- Auka kompetanse

Hendingar i 2017

NAV deltek i prosjektgruppa «Flyktning som ressurs»

Utfordringar

- Utfordringar knytt til aktivitetsplikt
- Vågå kommune har sysselsettingsgruppa som tek mange av deltakarane, men å arbeidsrette og samkjøre dei ulike tenestene er utfordrande.

Interkommunale samarbeid der Vågå er vertskommune

Tilsynsteneste byggjesak

Kommunane Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk samarbeider om tilsynsteneste i byggjesak, gjennom vertskommuneavtale gjeldande frå og med 2014, der Vågå er vertskommune og dei fire andre kommunane er samarbeidskommunar.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

VVågå kommune som vertskommune har ansvaret for førebuingar, innkalling og leiing av tilsynet, samt utarbeiding av rapport etter kvart tilsyn. Saksbehandlarar i dei einskilde kommunane har ansvaret for å finne aktuelle byggesaker for tilsyn, delta på sjølve tilsynet, samt eventuell oppfølging etter at rapport er utsendt.

Det har i 2017 vore gjennomført 45 tilsyn i dei 5 kommunane til saman. 14 av desse tilsyna er utført i Vågå kommune. Dette samsvarar med målet som var sett for utføring av tilsyn i 2017.

Hendingar i 2017

Det har i 2017 vore gjennomført 45 tilsyn i dei 5 kommunane til saman. 14 av desse tilsyna er utført i Vågå kommune. Dette samsvarar med målet som var sett for utføring av tilsyn i 2017.

Utfallet av tilsyna i Vågå er klassifisert i høve til tabellen under:

| Nivå | Konklusjon | Tillitsforhold | Rapportering |
|------|--|---|--|
| 1 | Ingen/ubetydeleg svikt i kontroll er registrert | Tilliten til føretaket er fullt ut bekrefta | Ingen |
| 2 | Det er registret svikt i kontrollen, men ikkje vurdert som vesentleg | Føretaket har fortsatt myndighetenes tillit | Åtvaring/merknad(er) registrert. Kopi til DIBK |
| 3 | Det er registrert vesentleg svikt i kontrollen | Tilliten til føretaket er svekka | Varsel om eventuelle sanksjoner. Kopi til DIBK |

- 10 av føretaka har fått nivå 1
- 4 av tilsyna er ikkje nivåsett.
- Det er gjeve merknader i totalt 6 av tilsyna som er utført



Landbrukskontoret for Sel og Vågå

Landbrukskontoret i Vågå er eit felles kontor for Sel og Vågå. Kontoret har 5,6 årsverk fordelt på seks tilsette (0,6 årsverk er skogbruksjef i Lom og Skjåk). I tillegg har vi ein person på arbeidstrenings.

Det er felles skogbruksjef for Vågå (40%), Lom (30%) og Skjåk (30%). Skogbruksjefstillingen i Sel er delt med 60 % skogbruk på felles landbrukskontor og 40 % på vilt, fisk, miljø og klima som i sin heilskap blir belasta Sel kommune.

Vågå kommune seljer landbrukskontortenester til Lom kommune tilsvarende 30 % stilling. Landbruksjefen har funksjon som beredskapskoordinator. Ein tilsett arbeidar inntil 20 % stilling inn mot Nordheradsprosjektet.

Landbruksjefen har funksjon som beredskapskoordinator. Kontoret har også ansvaret for to landbruksvikarar og klinisk veterinærkvert i Sel og Vågå. Nettokostnadane for felles landbrukskontor for Sel og Vågå blir delt, 50/50.

| Nøkkeltal for landbruket | 2005 | 2016 | 2017 |
|--|------------|------------|------------|
| Jordbruksareal, daa | 36.252 | 39.989 | 40.424 |
| Mjølkekyr | 1.748 | 1.492 | 1.475 |
| Føretak med mjøkeproduksjon | 106 | 55 | 54 |
| Vinterfora sau | 4.513 | 5.855 | 5.855 |
| Føretak med sauehald | 82 | 77 | 77 |
| Tap av sau på beite, % | 3,1 | 2,7 | 2,6 |
| Korn, daa | 882 | 326 | 266 |
| Potet, daa | 535 | 851 | 847 |
| Tal på søknader om produksjonstilskott | 220 | 180 | 180 |
| Utbetalt produksjonstilskott, kr | 33.583.935 | 47.545.607 | 46.403.206 |

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Landbrukskontorets primæroppgåver er rådgjeving, forvaltning av offentlege og kommunale tilskotsordningar retta mot landbruket og saksbehandling etter landbrukslovene (odelslov, konsesjonslov, jordlov, skogbrukslov) med tilhøyrande forskrifter.


Hendingar i 2017

Sel og Vågå kommunar v/Landbrukskontoret fikk i februar 2017 innvilga kr. 300 000,- i tilskott frå Bygdetviklingsmidlane (62,5 % av kostnadane). Hovudmålsettinga i satsinga, som har fått namnet «Fjellandbruk er framtid – matproduksjon på norske fornybare ressursar i Sel og Vågå, fase II», er i hovudsak samanfallande med hovudmålsettinga i landbruksplanen. Det er å auke matproduksjonen i Sel og Vågå med 1 % i året, i hovudsak på grasressursar. Meir bruk av inn- og utmark er sentralt i satsinga. Satsinga som starta opp med Fjellandbruksmidlar i 2016, skal vere ferdig hausten i 2018.

Utfordringar


Tap av sau på inn- og utmarksbeite
Tapsprosenten av sau på inn- og utmarksbeite varierer frå eit år til eit anna år. Det er spesielt jerv som er den store skadegjeraren. I 2017 vart det sleppt 15 000 sau og lam på beite i Vågå. Det vart tapt 383 dyr, ein tapsprosent på 2,6, noko som er det lågaste på fleire år. 4 gardbrukarar fekk utbetalt 68 000 kr i erstatning for rovvillettap for 29 dyr.





Kommunalt Landbruksfond

Det blir innvilga støtte til ulike tiltak i landbruket: bl.a. ungskogpleie, skogsvegar, nydyrkning, grøfting, vassanlegg, 30 % støtte, men maksimalt kr. 30 000,-. Landbruksfondet er på kr. 250 000. Søknadsmengda er stor, noko som betyr at det ved utgangen av 2017 var eit etter-slep på fondet på kr. 431 000.



Ottadalen Skatteoppkrevjarkontor og arbeidsgjevarkontroll for Nord-Gudbrandsdal

| Nøkkeltal | Mål | 2017 |
|--|-----|------|
| Arbeidsgjevarkontroll - kontroll A-melding | 5% | 5,3% |

Skatteoppkrevjaren er tenesteleiar for skatteområdet og arbeidsgjevarkontrollen, der Vågå er vertskommune. Ottadalen skatteoppkrevjarkontor vart etablert 01.09.2012, og frå 01.04.2014 vart arbeidsgjevarkontrollen overført frå Lom kommune. Skatteoppkrevjaren består av kommunane Sel, Vågå, Lom og Skjåk, mens i arbeidsgjevarkontrollen er og Lesja og Dovre med.

Hovedfokusområder

Ein har ved skatteoppkrevjarkontoret hatt fokus på dei resultatkrava som Skatt Øst set til kontoret. Desse måla har stort sett vorte oppnådd. Der ein ikkje nådde kravet så var det kun små avik. (0,1 – 0,6%), der krava ligg i konkurs.

Arbeidsgjavarkontrollen har eit resultatkrav på 5% der ein kontrollerte 5,3% av dei som leverer A-melding.

Hendingar i 2017

Skatteoppkrevjaren i Ottadalen tok over kommunal innfordring for Vågå og Sel frå og med 01.05.2017.

Interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune

Regiondata

Felles IT plattform for alle kommunane i 6K. Vågå kommune sin andel av driftsutgiftene var kr 2.125.000,-

Av større hendingar i 2017 kan følgjande nemnast:

- Visma Flyt PPT – Ny skyløsing for regional PPT-teneste
- Visma Flyktning – Innføring av fagsystem for alle eigarkommuner
- Visma VSA for Familia og Profil – Innføring av elektronisk arkiv kobla mot sak-arkivsystem
- SvarInn/SvarUt – Digital sikker post til og frå kommunane
- Ekstern Print – Fullautomatisert fakturaadministrasjon
- WS Inkasso – Integrasjonsløsing mellom inkassosystem og økonomiplattform
- Felles digitalseringsstrategi vart vedteken i juni 2016. Denne har som overordna mål at kommunane skal vera fulldigitaliserte innan 2020.

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal er eit regionalt samarbeidsorgan mellom kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.

Regionrådet er eit politisk organ som skal fremje regionen sine interesser gjennom å:

- Legge til rette for næringsutvikling. Det skal leggjast særleg vekt på arbeidet for å gjera regionen attraktiv for nyetableringar, og å vidareutvikle eksisterande næringsliv.
- Drive politisk interessearbeid for i størst mogleg grad å påverka fylkeskommunale og statlige myndigheter i distriktpolitiske spørsmål.
- Arbeide for interkommunale samarbeidstiltak til beste for regionens innbyggjarar.
- Arbeide for å profilere regionen som ein god tilflyttarregion

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017 ein halv million kroner.

Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon

Omfattar kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk . Revisjonen skal på vegne av kommunestyra og kontrollutvala sørge for løpende kontroll med forvaltninga i kommunane.

Utanom kommunerekneskap har NGK ansvaret for å revidere pasientrekneskap, kyrkjeleg fellesråd/sokneråd, fjellstyre, kommunalt e-verk, samt forskjellige stiftingar, legat og andre selskap; herunder aksjeselskap som kommunane eig eller er medeigarar i.
Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017 i underkant av kr 655.000,-

Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal

Ein person er ansett som sekretariatsleiar for kontrollutvala i Nordals-kommunane, med kontorpllass i Lom.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017 kr 150.000,-

PP-tenesta i Nord-Gudbrandsdal

PPT NG er ei felles regional teneste for dei 6 Norddalskommunane. PPT NG skal bistå dei 6 kommunane i arbeidet med å leggje til rette opplæringa for elevar med særskilte behov. PPT arbeider med systemutvikling og kompetanseheving i skulane, og med utgreiing av og rettleiing rundt enkeltelevar. Hensikta er å bidra til forsvarleg opplæring av elevar med særskilte behov.

Sel kommune er vertskommune for tenesta, og hovedkontoret ligg på Otta. Det er besøksadresser i alle kommunar. Dei tilsette har kontor fleire stader i regionen, og arbeider ut mot alle barnehagar og skular i heile regionen.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017 kr 1.800.000,-

Sel og Vågå barnevernteneste

Sel og Vågå kommuner har hatt interkommunal barneverntjeneste siden mars 2006. Tjenesten har hovedkontor på Sel Rådhus og har faste kontordager på helsestasjonen i Vågå.

Antall nye meldinger:

Barnevernet i Sel og Vågå hadde en kraftig økning i antall meldinger i 2017. Antall meldinger til barnevernet er noe høyere enn de registrerte 149, da reglene fra departementet er slik at det kun er den første meldingen som registreres som melding, dersom det kommer flere i løpet av en undersøkelse. Sakene er stadig mer sammensatte og tidkrevende. En bekymringsmelding til barnevernet skal gjennomgås umiddelbart og konkluderes senest innen en uke. Alle meldingene barnevernet i Sel og Vågå mottok i 2017 behandlet innen fristen.

| | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|--------|------|------|------|------|------|------|------|
| Vågå | 53 | 38 | 39 | 39 | 32 | 34 | 28 |
| Sel | 96 | 78 | 85 | 79 | 71 | 63 | 70 |
| Totalt | 149 | 116 | 124 | 119 | 103 | 97 | 98 |

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017 kr 3.600.000,-

Helsesamarbeid

Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS) tilbyr kommunale og interkommunale tenester, regionale oppgåver og prosjekt i tillegg til spesialisthelsetenester for de 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdal.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2017: felles legevaktordning kr 1.000.000,- felles legevaktvarsling kr 1.015.000,- felles jordmorvakt kr 60.000,- samfunnsmedisin/spesialistar kr 350.000,- øyeblikkeleg hjelp/intermediære sengeplassar kr 3.150.000,- kreftkoordinator kr 90.000.

Gjeldsrådgjevar


Regional gjeldsrådgjevar NAV. Vågå kommune sin andel utgjorde kr 150.000,-

VEDLEGG I: ØKONOMISK HØVDTAL

Oppsummering av rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2017 er avgjort med eit mindreforbruk på 3,2 mill. kroner. Dette har samanheng med mindreutgifter på pensjonsområde, og meir skatteinntekter enn budsjettet.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.




Handlingsreglar

Handlingsreglane til Vågå kommune vart revidert saman med vedtak om økonomiplan 2017-2020 (KS 83/16). Vågå kommune har nå følgjande reglar:

Korrigert netto driftsresultat

Handlingsregel 1: Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter

| | 2017 | 2016 |
|---|--------------|--------------|
| Netto driftsresultat | 5.332.357 | -14 212 149 |
| Premieavvik | 2.847.102 | 2 982 030 |
| Attendeført premieavvik | -3.044.540 | -2 619 541 |
| Avsetning til bundne fond | 3.139.611 | 8 189 320 |
| Bruk av bundne fond | -10.974.646 | -4 212 119 |
| Korrigert netto driftsresultat | -2.710.116 | -9 872 459 |
| Brutto driftsinntekter | -339.558.383 | -340 268 826 |
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinn-tekter | -1,6% | 4,2% |
| Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinn-tekter | 0,8% | 2,9% |



Disposisjonsfond

Handlingsregel 2: Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter

| | 2017 | 2016 |
|--|--------------|--------------|
| Disposisjonsfond | -33 479 245 | -27 501 935 |
| Brutto driftsinntekter | -339 558 383 | -340 268 826 |
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 9,9% | 8,1% |




Det er tilrådd frå fylkesmannen at disposisjonsfond bør utgjere 8 % av sum driftsinntekter for å ha tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar. Da kommunen nærma seg dette målet, vart det i økonomiplan for 2017-2020 vedteke å auke handlingsregelen til 12%.

Lånegjeld

Handlingsregel 3: Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter

| | 2017 | 2016 |
|--|-------------|-------------|
| Langsiktig gjeld | 345 752 758 | 342 453 943 |
| Utlån | 60 152 956 | 58 927 313 |
| Ubrukte lån | 11 865 136 | 7 248 790 |
| Netto lånegjeld | 273 734 667 | 276 277 840 |
| Lån til sjølvkost | 63 973 269 | 63 806 418 |
| Brutto driftsinntekter | 339 558 383 | 340 268 826 |
| Lånegjeld med fråtrekk i % av brutto driftsinntekter | 61,8% | 62,4% |



Økonomiske hovudtal

Vågå kommune fører rekneskapen etter anordningsprinsippet som gjeld i kommunal sektor. Det betyr at all tilgang og bruk av middel i løpet av året i kommunen si verksemd skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån osb. og dessutan korleis desse er finansiert.



Økonomisk oversikt – drift

| | R-2017 | Reg. budsjett | Oppr. budsj. | R-2016 |
|--|-----------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter | | | | |
| Brukertilbetalinger | 11.028.374,97 | 11.270.000 | 11.270.000 | 11.919.211 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 36.614.163,66 | 36.592.000 | 36.650.000 | 39.159.867 |
| Overføringer med krav til motytelse | 37.510.305,78 | 22.718.000 | 21.056.000 | 43.982.879 |
| Rammetilskudd | 148.417.350,21 | 146.304.000 | 145.804.000 | 140.433.651 |
| Andre statlige overføringer | 13.359.372,16 | 13.538.000 | 13.638.000 | 13.365.822 |
| Andre overføringer | 2.301.977,83 | 653.000 | 449.000 | 603.599 |
| Skatt på inntekt og formue | 73.202.471,22 | 72.393.000 | 75.038.000 | 72.057.542 |
| Eiendomsskatt | 13.688.507,45 | 13.548.000 | 13.548.000 | 15.001.476 |
| Andre direkte og indirekte skatter | 3.435.860,00 | 3.436.000 | 780.000 | 3.744.780 |
| Sum driftsinntekter | 339.558.383,28 | 320.452.000 | 318.233.000 | 340.268.826 |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 186.411.857,14 | 177.704.000 | 175.033.000 | 179.808.218 |
| Sosiale utgifter | 35.708.947,39 | 41.050.000 | 37.666.000 | 35.107.718 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 54.513.989,34 | 50.512.000 | 37.860.000 | 45.831.192 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 35.436.362,10 | 33.855.000 | 32.614.000 | 37.195.730 |
| Overføringer | 20.864.855,43 | 13.390.000 | 11.653.000 | 19.937.088 |
| Avskrivninger | 20.695.386,00 | 18.603.000 | 18.603.000 | 20.084.796 |
| Fordelte utgifter | -4.094.205,97 | -3.987.000 | -495 000 | -3.922.390 |
| Sum driftsutgifter | 349.537.191,43 | 331.127.000 | 312.934.000 | 334.042.352 |
| Brutto driftsresultat | -9.978.808,15 | -10.675.000 | 5.299.000 | 6.226.474 |
| Finansinntekter | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 6.167.005,64 | 6.514.000 | 5.818.000 | 9.830.630 |
| Gevinst på finan. instrumenter (omløpsmidler) | - | - | - | - |
| Mottatte avdrag på utlån | 103.590,51 | - | - | 59.345 |
| Sum eksterne finansinntekter | 6.270.596,15 | 6.514.000 | 5.818.000 | 9.889.975 |
| Finansutgifter | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 6.457.010,39 | 7.400.000 | 7.400.000 | 6.704.779 |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | - | - | - | - |
| Avdrag på lån | 15.714.442 | 15.600.000 | 15.600.000 | 15.238.394 |
| Utlån | 138.079,00 | - | - | 45.923 |
| Sum eksterne finansutgifter | 22.309.531,39 | 23.000.000 | 23.000.000 | 21.989.096 |
| Resultat eksterne finantransaksjoner | -16.038.935,24 | -16.486.000 | -17.182.000 | -12.099.121 |
| Motpost avskrivninger | 20.695.386,00 | 18.603.000 | 18.603.000 | 20.084.796 |
| Netto driftsresultat | -5.322.357,39 | -8.558.000 | 6.720.000 | 14.212.149 |
| Interne finantransaksjoner | | | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk | 8.034.172,38 | 8.034.000 | - | 6.146.919 |
| Bruk av disposisjonsfond | 3.027.862,19 | 3.028.000 | 302.000 | 1.265.225 |
| Bruk av bundne fond | 10.974.646,47 | 10.978.000 | 1.743.000 | 4.212.119 |
| Sum bruk av avsetninger | 22.036.681,04 | 22.040.000 | 2.045.000 | 11.624.263 |
| Overført til investeringsregnskapet | 1.039.081,00 | 1.039.000 | 1.020.000 | 970.000 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | - | - | - | - |
| Avsatt til disposisjonsfond | 9.305.172,38 | 9.305.000 | 6.367.000 | 8.642.919 |
| Avsatt til bundne fond | 3.139.611,15 | 3.138.000 | 1.378.000 | 8.189.320 |
| Sum avsetninger | 13.483.864,53 | 13.482.000 | 8.765.000 | 17.802.239 |
| Regnskapsmessig mer/mindreforbruk | 3.230.459,12 | - | - | 8.034.172 |

I rekneskapsoppstillinga for kommunesektoren blir det nytta fleire resultatomgrep. Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av den ordinære drifta inklusive kapitalkostnader (avskrivingar), men eksklusive finansutgifter og finansinntekter. Avskrivingar, som er eit uttrykk for verdiredusjon på kommunale anleggsmidlar, skal førast i driftsrekneskapen, men blir teken ut før netto driftsresultat blir fastsett. Brutto driftsresultat skal som hovudregel minst kunne finansiere utgifter til renter og avdrag.

Netto driftsresultat viser resultat etter finanspostar. Netto driftsresultat seier oss kva kommunen har igjen etter at alle driftsutgiftene er betalte.

Vågå kommune sin rekneskap for 2017 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 5,3 mill. kroner. Dette har i år særleg samanheng med prosjekt som er finansiert ved bruk av bundne fond. I begrepet netto driftsresultat er berre utgifta teke hensyn til, ikkje inntekta frå bundne fond. Korrigert for bundne fond og premieavvik utgjer netto driftsresultat 0,8% av brutto driftsinntekter, noko som er under vedteken handlingsregel.


Årsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 3.230.459.

Samla driftsinntekter (rammetilskot, skatt, brukarbetalingar, refusjonar osb.) var på kr 339,6 mill. i 2017. Dette er ei reduksjon på kr 0,6 mill. frå 2016. Netto rammetilskot utgjer kr 148,4 mill. etter inntektsutjamninga, ein auke på kr 8 mill. frå 2016. Skatteinngangen var kr 75,8 mill., kroner inkl. naturressursskatt (som utgjer kr 2,6 mill.), dvs. ein auke med kr 0,8 mill. frå 2016. Eigedomsskatten er redusert med kr. 1,3 mill, og er nå på kr. 13,7 mill. Redusjonen har samanheng med nedgang i eigedomsskatt på kraftverk (fastsett av staten). Brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter og overføringer med krav til mottaking utgjer kr 85,1 mill. Dette er ein reduksjon på kr 10 mill i forhold til 2016. Redusjonen skuldast mellom anna att vi i 2016 fekk kr. 5 mill. i kompensasjon for utbygginga av Nedre Otta. Resten gjeld mellom anna konsesjonskraft.

Totale driftsutgifter (Løn, Kjøp av varer og tenester, tilskot, overføringer og avskrivingar) utgjer kr 349 mill., ei auke på kr 15 mill. frå 2016.

Kjøp av varer og tenester som inngår i og som erstattar tenesteproduksjonen er auka med kr 7 mill. til kr 90 mill. Løn og sosiale utgifter auka med kr 7,2 mill. til totalt kr 222,1 mill. Total lønsvekst i Vågå kommune utgjer 3,3 % frå 2016 til 2017.

Løn- og sosiale utgifter er den største utgiftsposten i kommunerekneskapen og utgjer netto (fråtrekt refusjon sjukeløn/fødselspengar) kr 212,3 mill. eller 60,7 % av dei totale driftsutgiftene. Inntekter av skatt og rammetilskot er dei største inntektspostane, og grafane viser utviklinga i desse utgifts-/inntektstypane.



Til og med år 2010 låg lønsutgiftene på eit høgare nivå enn inntektene av skatt og rammetilskot. Dette biletet vart snudd frå 2011. I 2017 er inntektene av skatt og rammetilskot kr 11,5 mill. høgare enn netto lønsutgifter. Hovudårsaka til endringa er at stadig fleire øyremerkte statstilskot blir innlemma i rammetilskotet. (T.d. barnehagertilskot og samhandlingsreforma).

Finanstransaksjonar

Finansinntektene består av renteinntekter, utbytte og mottekne avdrag på utlån. Desse inntektene utgjer ca. kr 6,2 mill. i 2017. Dette er kr. 2,6 mill. lågare enn i 2016, og har sammenheng med mindre utbytte frå AS Eidefoss.


Finansutgiftene består av renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter – i tillegg kjem avdragsutgifter på kommunen sine lån. Finansutgiftene utgjer kr 22,3 mill. i 2017. Dette er 0,3 høgare enn i 2016.

Rekneskapsskjema 1B - Fordeling av netto driftsutgifter

Totalt 223,6 mill. kroner fordelt på vedtekne rameområde:

| Fellestenester | 6.775.231 |
|---------------------------------|--------------------|
| Kultur | 7.186.713 |
| Nærings | 1.643.445 |
| Sektoradministrasjon | 7.536.158 |
| Tildelingskontor | 825.248 |
| Vågåheimen | 32.305.625 |
| Rådmann | 56.272.420 |
| | |
| Barnehage/grunnskule fellesskap | 9.348.168 |
| Barnehage | 13.126.548 |
| TFFH | 24.884.888 |
| Heimesjukepleia | 19.975.907 |
| Helsetenester | 11.221.082 |
| Lalm skule | 5.829.669 |
| Vågåmo skule | 19.618.435 |
| Vågå ungdomsskule | 16.310.860 |
| Kommunalsjef I | 120.315.556 |
| | |
| Landbrukskontor | 2.130.001 |
| NAV | 4.332.146 |
| Skattekontor | 597.855 |
| Tekniske tenester | 25.368.952 |
| Kommunalsjef II | 32.428.953 |
| | |
| Interkommunale samarbeid | 14.598.924 |
| Interkommunale samarbeid | 14.598.924 |

Samla på tenesteområde ser fordelinga slik ut:



Avviksanalyse

| | Rekneskap 2017 | Buds. (endr) 2017 | Avvik |
|---------------------------------|---------------------|---------------------|-----------------------|
| Område Rådmann | 56.272.420 | 57.511.000 | -1.238.580 |
| Fellestenester | 6.775.231 | 7.032.000 | -256.769 |
| Kultur | 7.186.713 | 7.415.000 | -228.287 |
| Nærings | 1.643.445 | 1.889.000 | -245.555 |
| Sektoradministrasjon | 7.536.158 | 7.177.000 | 359.158 |
| Tildelingskontor | 825.248 | 793.000 | 32.248 |
| Vågåheimen | 32.305.625 | 33.205.000 | -899.375 |
| | | | |
| Område Kommunalsjef I | 120.315.556 | 118.871.000 | 1.444.556 |
| Barnehage/grunnskule fellesskap | 9.348.168 | 8.919.000 | 429.000 |
| Barnehage | 13.126.548 | 13.988.000 | -861.452 |
| TFFH | 24.884.888 | 24.771.000 | 113.888 |
| Heimesjukepleia | 19.975.907 | 19.387.000 | 588.907 |
| Helsetenester | 11.221.082 | 11.662.000 | -440.918 |
| Lalm skule | 5.829.669 | 5.732.000 | 97.669 |
| Vågåmo skule | 19.618.435 | 18.414.000 | 1.204.345 |
| Vågå ungdomsskule | 16.310.860 | 15.998.000 | 312.860 |
| | | | |
| Område Kommunalsjef II | 32.428.953 | 33.128.000 | -669.047 |
| Landbrukskontor | 2.130.001 | 2.075.000 | 55.001 |
| NAV | 4.332.146 | 3.914.000 | 418.146 |
| Skattekontor | 597.855 | 625.000 | -27.145 |
| Tekniske tenester | 25.368.952 | 26.514.000 | -1.145.049 |
| Interkommunale samarbeid | 14.598.924 | 14.164.000 | 434.924 |
| Sum rekneskapsskjema 1B | 223.615.853 | 223.674.000 | -58.147 |
| | | | |
| Frie inntekter | -239.736.577 | -237.090.000 | -2.646.577 |
| Finans | 12.890.264 | 13.416.000 | -525.736 |
| Interne transaksjoner | 3.230.459 | - | 3.230.459 |
| Sum | -223.615.853 | -223.674.000 | 58.147 |
| | | | (minus=mindreforbruk) |
| Totalt | - | - | - |

Kommentar til avvika

I store trekk kan årets mindreforbruk forklarast med fire hendingar:

- God budsjettdisiplin blant tenesteleiarane
- Attedeføring frå premiefond (pensjon) høgare enn budsjettet – kr 4,5 mill.
- Meirinntekter frå skatt – kr 3 mill.
- Tvisten kring tilrettelegging av utleige næringsareal avslutta – kr 2 mill.

Generelt for alle sektorane i 2017 er at pensjonsutgifta til slutt vart lågare (grunna stor attedeføring frå premiefond) enn budsjettet i opprinnelige budsjett, og såleis er med å føre til betre resultat over heile organisasjonen. Premieavvik er i 2017 bokført i sin heilskap under sektoradministrasjon.

Område Rådmann

Samla sett har budsjettområde eit mindreforbruk på kr. 1,2 mill, i stor grad grunna mindreutgiftene på pensjon. Sektoradministrasjonen har eit meirforbruk, med bakgrunn i meirutgifter som følgje av stortingsvalet 2017 og meirforbruk knytt til konsulenttenester. I tillegg har ikkje støtte til politiske parti vorte budsjettert.

Galleri Ullinsvin var i utgangspunktet vedteke i investeringsbudsjettet. Etter kvart som prosjektet har utvikla seg, vart det klart at Vågå kommune ikkje skulle eige noko av bygningane. Utgiftene knytt til galleriet er difor ført i driftsrekneskapen, under kulturområdet. Budsjettet til Vågåheimen vart auka med kr. 0,5 mill. ved handsaming av andre tertialrapport 2017. Område vart avslutta med eit mindreforbruk på kr. 0,7 mill., i all hovudsak som følgje av mindreutgifter til pensjon KLP.

Område Kommunalsjef 1

Grunnskulen har ikkje innsparing på pensjonsområde, da dei tilsette som hovudregel er knytt til Statens Pensjonskasse, og ikkje KLP.

Grunnskulens fellesskap har eit meirforbruk på kr. 0,4 mill. Dette skuldast kostnader knytt opp mot elevar med særskilte behov, i eiga og andre kommunar.

Vågåmo skule fekk i løpet av året fleire nye elevar, noko som førte til at planlagt reduksjon av aktivitet ikkje vart gjennomført. Avvik på ungdomsskulen skuldast utgifter til elevar med alternativ opplæring.

For barnehagens vedkommande er det eit mindreforbruk, dette skuldast større nedgang i barnetal enn forventa i dei kommunale barnehagane.

Innanfor helsetenester er det eit mindreforbruk på kr. 0,4 mill. Det er ikkje nytta vikar fullt ut ved sjukdom innan tenesta.

Det har innan tenester for funksjonshemma (TFFH) vore arbeid med strukturendring gjennom heile 2017. Samla resultat synes eit lite meirforbruk.

